



**Ullensvang
kommune**

Uttale

Til revisjon av konsesjonsvilkår RSK



Vedteke i Ullensvang kommunestyre 05.02.2025



KST 004/25 - Vedtak

1. Ullensvang kommunestyre sender NVE liste over vilkår som må takast med i revisjonen av Røldal-Suldal-reguleringa. Lista er lagt ved: "Ullensvang kommune si vilkårsliste ved revisjon av konsesjonsvilkår for Røldal-Suldal-reguleringa".
2. Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert, og få verknad i ny konsesjonssak for pumpe- og effektkraftverk Røldal 2 og Novle 2.
3. Ullensvang kommune fryktar at fagrappartane utarbeida i 2019, som eit grunnlag for RSK sin vilkårsrevisjon, i for liten grad belyser dei lokale utfordringane. Mengda innspel frå privatpersonar og interesseorganisasjonar kan tyde på at brukarfaringar frå 60 år med drift av RSK-anlegga ikkje er tilstrekkeleg belyst. Det er særskilt utfordrande å få oversikt over alle detaljer og utfordringar som har oppstått i samband med reguleringa. Ullensvang kommune må difor vere audmjuk på at ein i samband med utredningsprogrammet i 2019 kan ha utelatt viktige utfordringar som burde vore belyst. Dette kan likevel ikkje nyttast som ei kvilepute no. Det må vere regulanten sitt ansvar aleine å belyse alle negative, eller positive, sider ved RSK- anlegga. Ullensvang kommune ber soleis NVE om å vektlegge innspel frå lokale aktørar høgt. Desse kjenner historikken, området og reguleringseffektene kraftanlegget har på lokalsamfunnet betre enn nokon.

